



Arkoconsult AS
Postboks 103 HTB-bygget
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2619 - 16/19783

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
17.10.2016

Godkjenning - endring av løyve, kotehøgde for bustad på gbnr 51/57, Landsvik.

Administrativt vedtak. Saknr: 335/2016

Saksutgreiing/vurdering:

Tiltak:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20- 1 motteke 13.10.2016 i Meland kommune. Søknaden gjeld endring av gitt løyve dagsett 11.03.2016 vedtak 64/2016 – kotehøgde golv endra frå kote +17,1 til + 17,8 og topp møne til +25,2.

Omsøkt tiltak på gbnr 51/57 gjeld riving av brannskada bustad og oppføring av ny bustad. Ny bustad skal tilpassast eksisterande planering av tomta. Grunnen til at det no vert søkt om endring av løyve er at det ved innsending av søknad om tiltaket i sin heilhet, ikkje var samsvar mellom kartgrunnlag og faktiske tilhøve på tomta.

Nabovarsling:

Endringssøknaden er ikkje nabovarsla. Då omsøkt endring av tiltaket har liten innverknad for naboeigedomar, vurderer Meland kommune at det ikkje er grunnlag for å stille krav om ny nabovarsling, jf pbl § 21- 3 .

Plassering, høgde og avstand til nabogrense:

Tiltaket vert vurdert å vere i samsvar med gjeldande krav til plassering, høgde og avstand til naboeigedomar, jf pbl § 29- 4 og dei rammene som elles er sett for tiltaket i kommuneplanen sin arealdel.

Kommunen har ingen merknader til omsøkt endring av kotehøgde for golv og topp møne.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova(pbl) § 20- 1 endring av gitt løyve for kotehøgde golv til +17,8 og topp møne til +25,2 for bustad på gbnr 51/57 i samsvar med søknad motteke 13.10.2016.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av Plan- og bygningslova så framt det ikkje følgjer anna av vedtaket her.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

51-57 revidert situasjonsplan
51-57 revidert teikning

Kopi til:

Kaj Alexander Johnsen

Skjelangervegen 5917
408

ROSSLAND

Mottakere:

Arkoconsult AS

Postboks 103 HTB- 5291
bygget

VALESTRANDSFOSSEN